



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
14.06.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/7352 421.3
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Meland - gnr 54 bnr 1 - naust m.m. - oppnemning av setjefylkesmann

Meland kommune gav 25.04.2017, sak 044/17 dispensasjon frå planformål og frå plan- og bygningslova § 1-8 for tilkomstveg til naust og flytebrygge, samt parkering på gnr. 54 bnr. 1. Det er også gitt dispensasjon frå arealformål for utfylling i sjø og plassering av naust.

Fylkesmannen i Hordaland klaga på vedtaket i brev av 08.05.2017.

Kommunen har avgjort at vedtaket ikkje kan setjast i verk før klagesaka er avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Klagene vart handsama av Meland kommune v/utval for drift og utvikling i møte 06.06.2017, der kommunen sitt tidlegare vedtak vart oppretthalde. Saka vart deretter sendt Fylkesmannen for klagehandsaming.

Då Fylkesmannen i Hordaland er klagar i saka, ber me om at det vert oppnemnt setjefylkesmann for handsaming av klagesaka.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Bernt Johan Husebø	Husebøvegen 54	5917	ROSSLAND
O.K. Charter AS	Vestbygdvegen 11	5918	FREKHAUG